



## Utsleppsløyve etter forureiningslova for matfiskproduksjon til Eide Fjordbruk AS, Fyllingsnes Fisk AS, Bremens Seashore AS og EWOS Innovation AS

Løyvet er gjeve i medhald av § 11, jf. § 16 i forureiningslova. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 9. august 2016 samt opplysningar har kome fram under handsaminga av søknaden. Løyvet er gjeve på dei vilkår som er sett i dette dokumentet med vedlegg. Dette løyvet er berre gyldig etter vedtak i Hordaland Fylkeskommune etter akvakulturlova og laksetildelingsforskrifta. Fylkeskommunen kan gjere vedtak om lågare produksjonsramme og den ramma vil vere gjeldande.

Løyvet kan endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må derfor ligge føre i god tid før verksemda ønskjer endringa gjennomført.

Dersom endra produksjon i samsvar med dette løyvet ikkje har starta opp innan to år etter at løyve er gjeve, skal verksemda sende Fylkesmannen ei utgreiing slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Verksemdsdata

<b>Verksemd</b>	<b>Eide Fjordbruk AS, Fyllingsnes Fisk AS, Bremnes Seashore AS, EWOS Innovation AS</b>
Lokalitet	<b>26292 - Langøy</b>
Besøksadresse	
Postadresse	Eide Fjordbruk
Postnummer og poststad	Eidestøa, 5640 Eikelandsosen
Kommune og fylke	Lindås, Hordaland
Org.nummer (verksemd)	866751242
Koordinatar (Euref89/WGS84)	60° 46,748' N, 5° 09,648' E
NACE-kode og bransje	03.211

### Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>
<b>2016.0828.T</b>	<b>1263.0087.01</b>	<b>3</b>
<b>2016.0829.T</b>	<b>1263.0087.02</b>	
<b>2016.0830.T</b>	<b>1263.0087.04</b>	
<b>2016.0831.T</b>	<b>1263.0087.05</b>	

Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:
Ingrid Torsnes senioringeniør		Tom N. Pedersen seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og derfor inga underskrift.*

<sup>1</sup> Jf. forureiningsforskrifta. Kapittel 39. Gebyr til statskassen for arbeidet til Miljødirektoratet med løyve og kontroll etter forureiningslova

## 1 Produksjon – ramme for løyvet

Løyvet gjeld forureining frå oppdrettsproduksjon av matfisk av laks og aure. Løyvet gjeld for ein produksjon på inntil **4.680 tonn maksimal biomasse i anlegget**.

Ved vesentlege endringar i drift eller utsleppstilhøve må verksemda søke om endring av løyvet, jamvel om produksjonen ligg innafør fastsett MTB grense.

## 2. Generelle vilkår

### 2.1 Utsleppsavgrensingar

Utsleppskomponentar som ikkje er uttrykkjeleg regulert i løyvet, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om utsleppa var gjort kjent i samband med sakshandsaminga, eller må reknast som kjent på annan måte då løyvet vart gjeve. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegg 1<sup>2</sup>. Slike utslepp er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

### 2.2 Førre-var-prinsippet, plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg, beste tilgjengelege teknologi (BAT)<sup>3</sup> og utskifting av utstyr

Verksemda skal etterleve forureiningslova sitt førre-var-prinsipp for å redusere miljøpåverknaden av drifta og forbruket av ressursar.

Verksemda pliktar som ein del av sin internkontroll å halde seg oppdatert på dokumentasjonen som finst for bransjen når det gjeld beste tilgjengelege teknologi (BAT). For å unngå, eller avgrense forureining og avfallsproblem, skal de nytte den beste tilgjengelege teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultatata for noverande og framtidig tilstand i miljøet. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett spesifikke grenser for.

### 2.3 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere ein internkontroll i samsvar med gjeldande forskrift om dette<sup>4</sup>. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda etterlever krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining eller skjemma tilhøve og kunne gjere greie for risikotilhøva ved anlegget, jf. vilkår 10.1. Dei tilsette må ha god kunnskap om mogelege utslepp, og må arbeide aktivt gjennom eigen kontroll for å hindre skade eller ulempe for miljøet, og for å førebyggje at utslepp kan skje.

---

<sup>2</sup> Forskrift om begrensning av forurensning, Vedlegg 1: Liste over prioriterte stoff

<sup>3</sup> Omgrepet BAT ("best available techniques") er i utgangspunktet knytt til verksemder som er omfatta av EU sitt IPPC-direktiv (direktiv 2008/1/EC om "integrated pollution prevention and control"), som akvakultur per i dag ikkje er omfatta av. Forureiningslova § 2, 1. ledd pkt. 3 viser til liknande generell retningsline på forureiningsområdet: "For å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer skal det tas utgangspunkt i den teknologi som ut frå en samlet vurdering av nåværende og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultater." BAT-dokumentasjon for akvakultur ligg føre frå Nordisk Ministerråd i rapporten TemaNord 2013:529, *Bat for fiskeopdræt i Norden*, [www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2013-529](http://www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2013-529)

<sup>4</sup> Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemder av 06.12.1996 nr. 1127 (internkontrollforskrifta) – eller seinare utgåve.

Verksemnda er ansvarleg for krava i dette løyvet og generelle krav i forureiningslova med forskrifter, og skal syte for overvaking og vedlikehald av internkontrollen når det gjeld ytre miljø.

## **2.4 Tiltak ved auka forureiningsfare eller unormale driftsforhold**

Dersom det som følge av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemnda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka forureiningsfaren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemnda skal straks informere Fylkesmannen og nabolag

- når det vert planlagt eller uføresett oppstår tilhøve som mellombels kan føre til at utslepp av støy, støv eller lukt er høgare enn normalt.
- i situasjonar der utstyr eller andre kritiske installasjonar for vern mot/ reduksjon av utslepp sviktar eller på anna måte er ute av drift.

Ved gjentekne hendingar skal verksemnda etablere eit dokumentert system for registrering av klager/meldingar. Verksemnda skal gje ei vurdering av årsak til hendinga, kva som har skjedd og tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentakning. Informasjonen skal gjerast kjent for nabolag og Fylkesmannen.

Merk at verksemnda også har varslingsplikt etter gjeldande forskrift om akutt forureining<sup>5</sup>.

## **2.5 Nærmiljø**

Den ansvarlege skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følge av drifta vert redusert til eit minimum.

Alt av innsatsstoff, kjemikal, medisin, avfall, m.m. som kan utgjere ein forureiningsfare ved anlegget, eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet, skal lagrast forsvarleg og vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande.

Alle lagertankar for flytande råstoff, tilsatsstoff, innsatskjemikal eller avfall som kan utgjere ein forureiningsfare eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet, skal sikrast mot overfylling og lekkasje.<sup>6</sup>

## **2.6 Tiltak for å sikre mot viltskade**

Naturmangfaldlova og viltlova set krav om at vi skal ta vare på viltet og leveområda deira for å sikre produktiviteten og rikdommen av artar i naturen.

Verksemnda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som vernar om både anlegg og vilt.

# **3. Utslepp til vatn**

## **3.1 Utslepp av fôr**

Fisk skal ikkje overfôrast, eller fôrast på ein måte som kan medføre skade eller ulempe for det ytre miljøet. Verksemnda skal bruke tørrfôr eller mjukfôr, eller fôr med tilsvarande gode eigenskapar med omsyn til oppløysning i vatn.

---

<sup>5</sup> Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 09.07.1992, nr. 1269

<sup>6</sup> Forureiningsforskrifta kapittel 18. Tanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall

### **3.2 Utslepp av medisin og kjemikal**

Bruk og utslepp av medisin, pesticid og desinfeksjonsmiddel skal verksemda gjere i samsvar med gjeldande regelverk/retningslinjer frå myndigheitene.

### **3.3 Sanitæravløpsvatn**

Kommunen må godkjenne utslepp av sanitæravløpsvatn frå personalrom m.m. i samsvar med gjeldane regelverk/retningslinjer frå forureiningsmyndigheitene.

### **3.4 Notimpregnering og reingjering**

Nøter som er impregnerte med miljøskadelege kjemikal (inkludert kopar), kan ikkje vaskast og reimpregnerast på oppdrettslokaliteten. Nøter som ikkje inneheld miljøskadelege kjemikal kan vaskast og impregnerast på staden. Grovreingjering av nøter i form av spyling kan tillates så lenge oppdrettar kan dokumentere med prøvetaking at det ikkje skjer ei oppsamling av kjemikal (kopar og sink) under anlegget som gir ulempe eller skade på miljøet.

## **4. Miljøovervaking og rapportering til Fylkesmannen**

### **4.1 Krav til miljøtilstand**

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at vedtekne miljømål for vassførekomsten ikkje let seg gjere å oppnå, eller at miljøtilstanden vert redusert, jf. vassforskrifta<sup>7</sup> og tilhøyrande klassifiseringsretteleiar<sup>8</sup> for miljøtilstand.

Utslepp frå matfiskanlegget skal ikkje føre til at organisk avfall akkumulerer over tid og at gravande botndyr (benthos) ikkje kan leve under eller i nærsona av merdane. Botnpåverknad frå oppdrett er størst nær anlegga og blir raskt mindre med aukande avstand. I influensområdet utanfor nærsona til utslepp frå akvakulturanlegg i sjøvatn eller frå utsleppspunkt i sjø frå akvakultur på land, skal tilstanden for djupvatn, blautbotnsfauna og sediment vere god, tilstandsklasse II eller betre etter vassforskrifta.

Utslepp frå akvakultur skal ikkje gi dårlegare tilstandsklasse i øvre vasslag om sommaren enn naturtilstanden. Strandsona i nærleiken av ein lokalitet skal ikkje vere synleg påverka av utslepp eller anna forureining frå akvakultur. Verksemda skal utføre jamleg, risikobasert miljøovervaking med MOM B-undersøking for å dokumentere at ovannemnte blir haldt, jf. akvakulturdriftsforskrifta §§ 35 og 36.

### **4.2 Krav til overvaking**

Verksemda skal syte for overvaking av effektar av utsleppa til sjø etter eit risikobasert overvakingssystem. Miljøovervakinga skal skje i samsvar med nasjonale standardar, og føringar i vassforskrifta og rettleiaren for klassifisering av miljøtilstanden i vatn.

Prøvetaking, analysar og fagleg vurdering skal gjennomførast i samsvar med krava i standardane som blir nytta. Overvaking av påverknad på miljøet frå matfiskanlegg skal skje etter NS9410. Så langt som mogleg skal det nyttast akkrediterte organ.

Rapportar frå miljøgranskingar skal i grafisk og/eller tabellarisk form vise samanhangen mellom biomasse i anlegget og miljøtilstand, og eventuell trendutvikling på lokaliteten.

<sup>7</sup> Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskriften) av 15.12.2006, nr 1446

<sup>8</sup> Direktoratgruppen Vanndirektivet 2013, Veileder 02:2013 Klassifisering av miljøtilstand i vann

Verksemnda kan etter særskild vedtak bli pålagt å gjennomføre meir omfattande granskingar eller overvaking, dersom Fylkesmannen finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin forureiningseffekt på resipienten, jf. forureiningslova § 51. Verksemnda kan også bli pålagt å betale for ein høveleg del av kostnadene ved ei felles resipientgransking (enkeltstående eller vedvarande program) i lag med andre verksemder med utslepp i området. Dette gjeld når det er fleire anlegg i same vassførekomst.

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B- og MOM C-granskingar etter frekvens fastsett i NS9410.

Fylkesmannen kan påleggje verksemnda å betale sin del av kostnadene ved ei felles resipientundersøking saman med andre verksemder med utslepp i området der anlegget er plassert.

### **4.3 Rapportering til Fylkesmannen**

Resultat og data frå rapportar frå resipientundersøkingar (MOM C) etter dei frekvensane som går fram av NS 9410, skal verksemnda sende elektronisk og til Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen registrerer data i databasen <http://vanmiljo.miljodirektoratet.no/> ved å importere data på spesifisert format (Excel-importskjema). Importskjemaet og framgangsmåte finn de på nettsida <http://vanmiljokoder.miljodirektoratet.no/>.

## **5. Utslepp til luft**

Fôrlagring og fôrtillaging, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at dei ikkje fører til luktulemper for naboar og lokalmiljø.

## **6. Forureina sediment**

Verksemnda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til sediment (sjøbotn) som kan føre til nemnande skadar eller ulemper for miljøet.

Verksemnda pliktar heile tida å ha oversyn over mogleg forureina sediment under og like ved matfiskanlegget. Det same gjeld faren for spreiging, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova frå Fylkesmannen<sup>9</sup>.

## **7. Støy**

Anlegget skal verksemnda utforme og drive slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgjevnaden. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid frå måndag til fredag kl. 7–16.

Utandørs støy frå verksemnda ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar, målte eller rekna ut som frittfeltsverdi ved den mest støyutsette fasaden, skal ikkje overskride desse grensene:

---

<sup>9</sup> Jf. forureiningsforskrifta. Kapittel 22. Mudring og dumping i sjø og vassdrag

<b>Kvardagar</b>	<b>Laurdagar</b>	<b>Søn- og helgedagar</b>	<b>Kveld (kl. 19–23), kvardagar</b>	<b>Natt (kl. 23–07), alle døgn</b>	<b>Natt (kl. 23–07), alle døgn</b>
55 L <sub>den</sub>	50 L <sub>den</sub>	50 L <sub>den</sub>	50 L <sub>evening</sub>	45 L <sub>night</sub>	60 L <sub>AFmax</sub>

L<sub>den</sub> er A-vege ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

L<sub>evening</sub> er A-vege ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19-23.

L<sub>night</sub> er A-vege ekvivalent støynivå for nattperioden 23-07.

L<sub>AFmax</sub> er A-vege maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målte/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde seg innanfor alle støygrenser alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå anlegget, medrekna intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av dei tilsette i verksemda, er ikkje omfatta av grensene.

## 8. Energi

Verksemda skal ha eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon i anlegga. Energistyringssystemet skal vere i samsvar med norsk standard for energileiing og vere ein del av internkontrollen i verksemda, jf. punkt 2.4.

## 9. Avfall

### 9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at verksemda fører til at det blir danna avfall. Særleg skal verksemda avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall<sup>10</sup>, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, som t.d. avfallsforskrifta<sup>11</sup>.

Avfall som oppstår i verksemda, skal verksemda søkje å få gjenbrukt i eigen produksjon eller i produksjonen til andre verksemder, eller – for avfall som kan brennast – søkje å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel vere i samsvar med gjeldande reglar fastsette i eller med heimel i forureiningslova og krav som er fastsette i dette løyvet.

Brenning av avfall er ikkje tillate.

### 9.2 Handtering av medisin-, kjemikalierestar

Verksemda skal handtere unytta restar av medisinfôr, antibiotika, pesticid eller andre spesielt miljøfarlege stoff (gjeld også emballasje) og anna farleg avfall i samsvar med gjeldande

<sup>10</sup> Farleg avfall er avfall som ikkje kan handsamast saman med anna avfall fordi det har eigenskapar som kan medføre forureining eller vere farleg for menneske eller dyr.

<sup>11</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

reglar for farleg avfall<sup>12</sup>. Det same gjeld for oppsamla fôrrestar og ekskrement som inneheld antibiotika.

Medisin, pesticid, og kjemikal skal vere lagra forsvarleg og slik at dei ikkje er tilgjengelege for uvedkomande.

Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell eller liknande ikkje blir sloppe ut, men blir samla opp.

### **9.3 Handtering av produksjonsavfall**

Død fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt o.l. skal verksemda handtere på ein slik måte at det ikkje oppstår forureining.

Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød.

Verksemda skal samle opp død fisk og raskt konservere han anten ved ensilering, frysing, e.l. Før fisken blir lagra på ensilasjetank, skal verksemda kverne han.

Verksemda skal levere ensilert fiskeavfall til godkjent anlegg for attvinning. Transporten skal skje på ein slik måte at det oppstår minst mogleg ulempe, lukt m.m.

Det er ikkje tillate å dumpe død fisk og anna avfall i sjøen. Det er heller ikkje tillate å grave han ned eller brenne han.

## **10. Førebyggjande og beredskapstiltak mot akutt forureining**

### **10.1 Miljørisikoanalyse**

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si, og vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Verksemda skal kartleggje moglege kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Verksemda skal dokumentere miljørisikoanalysen og han skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på eller utanfor området til verksemda. Om produksjonstilhøva blir modifiserte og endra, skal verksemda oppdatere miljørisikoanalysen.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som ei akutt forureining, med dei helse- og miljøkonsekvensane ho fører med seg, kan få følgjer for.

### **10.2 Førebyggjande tiltak**

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemda skal vurdere tiltak med tanke på å redusere sannsyn og konsekvensar. Verksemda skal ha eit oppdatert oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

### **10.3 Rutinar for vedlikehald**

Verksemda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med utsleppsrelaterte utstyr, slik at desse alltid blir drivne mest mogleg effektivt. For å sikre dette, skal verksemda drive førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

---

<sup>12</sup> Avfallsforskrifta. Kapittel 11. Farleg avfall

## 10.4 Journalføring

Verksemnda skal registrere og journalføre følgjande data:

- fiskemengd
- mengd død fisk
- talet på rømt fisk
- fôrtype og fôrforbruk
- bruk av og type og mengd:
  - antibiotika
  - pesticid
  - andre kjemikal
- mengd oppsamla slam med antibiotika, og disponeringsmetode
- avfallsmengd og disponeringsmetode

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 3 år og vere tilgjengeleg ved tilsyn.

## 10.5 Etablering av beredskap

Verksemnda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal til ei kvar tid vere tilpassa den miljørisikoen som verksemnda representerer. Minst ein gong i året skal verksemnda øve på beredskapen mot akutt forureining.

## 10.6 Varsling om akutt forureining

Verksemnda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med gjeldande forskrift<sup>13</sup>. Dette gjeld til dømes akutte utslepp av antibiotika, kjemikalie og liknande. Verksemnda skal også, så snart som mogleg, varsle Fylkesmannen på e-post [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) i slike tilfelle.

## 11. Utskifting av utstyr

Dersom verksemnda skal skifte ut utstyr som gjer det teknisk mogleg å motverke forureiningar på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen få melding om dette på førehand.

Når verksemnda byter ut utstyr skal det liggje til grunn at ein nyttar dei beste, tilgjengelege teknikkane med sikte på å motverke forureining.

## 12. Eigarskifte

Dersom verksemnda blir overdregen til ny eigar, skal verksemnda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

## 13. Nedlegging

Viss anlegget blir nedlagt eller verksemnda stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren til ei kvar tid gjere det som trengst for å motverke fare for forureining. Viss anlegget

---

<sup>13</sup> Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 09.07.1992, nr 1269.



eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda på førehand og i rimeleg tid gi melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva tiltak som trengst for å motverke forureining.

Ved nedlegging skal verksemda syte for at driftsstanden blir sett i tilfredsstillande stand att med tanke på miljøet.

#### **14. Tilsyn**

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheitene føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

## Vedlegg 1

### Liste over prioriterte miljøgifter, jfr punkt 2.1.

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går tydeleg fram av vilkåra eller dei er så små at dei kan sjåast på som uvesentleg for miljøet.

<b>Metall og metallsambindingar:</b>	<b>Forkortingar</b>
<b>Arsen</b> og arsensambindingar	As og As-sambindingar
<b>Bly</b> og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
<b>Kadmium</b> og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
<b>Krom</b> og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
<b>Kvikksølv</b> og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar
<b>Organiske sambindingar:</b>	<b>Vanlege forkortingar</b>
<b>Bromerte flammehemmarar:</b>	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'isopropyliden difenol)	TBBPA
<b>Klorerte organiske sambindingar</b>	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C <sub>10</sub> - C <sub>13</sub> (kloralkaner C <sub>10</sub> - C <sub>13</sub> )	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C <sub>14</sub> - C <sub>17</sub> (kloralkaner C <sub>14</sub> - C <sub>17</sub> )	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloretan	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP
<b>Enkelte tensid:</b>	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
<b>Alkylfenoler og alkylfenoletoksyler:</b>	
Nonylfenol og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyler	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6 tri-tert-butylfenol	
<b>Polyfluorete organiske sambindingar (PFCs)</b>	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Langkjedete perfluorete karboksylsyrer	
Perfluoroktansyre	PFOA
C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTTrDA, PFTeDA
<b>Tinnorganiske sambindingar:</b>	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
<b>Polysykliske aromatiske hydrokarboner</b>	
<b>Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)</b>	PAH
<b>Bisfenol A</b>	DEHP
<b>Siloksaner</b>	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4